



# TILSYNSRAPPORT

## Vedtak

Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø

Leiketun barnehage



## **Samandrag**

Barnehagemynde i Alver fører tilsyn med Leiketun barnehage. Tema for tilsynet er barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø. Under dette temaet kontrollerer vi deler av aktivitetsplikta, jfr. barnehagelova § 42 4. og 5. ledd:

- a. Barnehagen si plikt til å setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø
- b. Barnehagen si plikt til å lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak
- c. Kravet til kva den skriftlege planen skal innehalda

Formålet med aktivitetsplikta er å sikre at barna i barnehagen har eit trygt og godt barnehagemiljø. LOB § 42 4. og 5. ledd omhandlar plikta til å undersøkje kva som har skjedd, setje inn tiltak, og lage ein plan for å sikre at barna får eit trygt og godt barnehagemiljø. Barnehagen skal finne ut kva som er årsaka til at eit barn ikkje har det bra. Dette er utgangspunktet for å setje inn dei rette tiltaka. Viss eit barn i barnehagen ikkje har det bra, må barnehagen lage ein skriftleg plan for å sikre at barnet får ein trygg barnehagekvardag.

Føremålet med tilsyn på dette tema er å kontrollere om eigar sikrar at det blir sett inn tiltak, og at det blir laga ein skriftleg plan viss eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Det blir og kontrollert om krava til kva den skriftlege planen skal innehalda er følgt.

## **Funn i tilsynet**

I tilsynet har vi funne at barnehagen etterlever regelverket på alle område som er ført tilsyn med.

Barnehagen fekk ein førebels tilsynsrapport og har uttala seg innan fristen. På bakgrunn av uttalen og ytterlegare innsendt dokumentasjon har vi gjort endringar i rapporten.

Vi legg til grunn for denne vurderinga at rutinar barnehagen har for å sikre at lovkrava blir følgt og barnehagen sin praksis samsvarer, og at det er utarbeida ein praksis for å dokumentere at dette skjer.



## Innhold

1	Innleiing .....	4
1.1	Kort om barnehagen.....	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet .....	4
2	Barnehagen si plikt til å setje inn tiltak .....	5
2.1	Rettslege krav.....	5
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar .....	5
3	Barnehagen si plikt til å lage ein skriftleg plan .....	8
3.1	Rettslege krav .....	8
3.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar .....	9
4	Våre reaksjonar .....	10
5	De kan gje tilbakemelding på rapporten .....	10



# 1 Innleiing

Barnehagemyndige i Alver kommune fører tilsyn med barnehagane etter barnehagelova kap.10 §53. I tilsynet kontrollerer kommunen om barnehageeigar oppfyller barnehagelova med forskrifter. Dersom barnehageeigar ikkje følgjer regelverket kan kommunen pålegge retting.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

## 1.1 Kort om barnehagen

Leiketun barnehage er ein 6-avdelings barnehage som ligg sentralt på Frekhaug. Barnehagen er eigd og driven av Frekhaug indremisjon.

Barnehagen er valt ut på grunn av storleik og eigarform, kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylte og kva konsekvensar det kan få for barna. Lovkrava er forholdsvis nye, og det i seg sjølv er vurdert som ein mogleg risiko for at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

## 1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Alver kommune opna tilsyn med Leiketun barnehage i brev datert 10.11.2022. De vart då pålagde å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet. Etter førebels kontroll av innsendt dokumentasjon vart det vurdert at ein treng henta inn ytterlegare dokumentasjon gjennom stadleg tilsyn. Dette vart varsla i brev datert 03.01.2023. Stadleg tilsyn vart gjennomført 24.01.2023.

Tema for tilsynet er barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barn har eit trygt og godt barnehagemiljø, Under dette temaet kontrollerer vi Aktivitetsplikta, jfr. barnehagelova § 42 4. og 5. ledd:

- a. Barnehagen si plikt til å setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø
- b. Barnehagen si plikt til å lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ein sak
- c. Kravet til kva den skriftlege planen skal innehalde

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket. Dersom barnehagen ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting. I denne rapporten presenterer vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar.



## 2 Barnehagen si plikt til å setje inn tiltak

### 2.1 Rettslege krav

Barnehagen har ei plikt til å setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Barnehagen skal undersøkje saka og så langt det finst eigna tiltak, sørge for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø. Plikta til å setje inn tiltak gjeld og når barnehagen sine egne undersøkingar viser at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. I lov om barnehager § 42 er tiltak framstilt som eit ledd i eit konkret tilfelle der eit barn ikkje har det trygt og godt. Dette skil seg frå tiltak som er førebyggjande. Tiltaka skal sikre at barnet igjen får eit trygt og godt barnehagemiljø.

Det er barnehagen og barnehageeigar sitt ansvar å velje dei tiltaka som er best eigna. Tiltaka skal veljast på grunnlag av ei konkret og fagleg vurdering. Barnehagen må aktivt søkja etter moglege og eigna tiltak, og velje tiltak ut frå faglege vurderingar. Tiltaka skal vere kunnskapsbaserte. Kva som er til det beste for barnet skal vere eit grunnleggjande omsyn ved val av tiltak. Individuelle tiltak kan supplerast med tiltak på gruppe- og systemnivå.

### 2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

**Set barnehagen inn tiltak når eit barn eller foreldre seier at barnehagemiljøet ikkje er trygt og godt, eller undersøkingar viser det?**

#### *Observasjonar*

Barnehagen har i eigenvurdering svara «ja» på at dei set inn eigna tiltak i alle saker. Barnehagen har i innsendt dokumentasjon ei rutineskildring der det kjem fram at barnehagen har plikt til å setje inn tiltak. I dokumentasjon vi har fått tilsendt er eigen mal for aktivitetsplan når ein set inn tiltak lagt ved. I forbindelse med stadleg tilsyn uttaler barnehagen at ein nyttar malen til å skrive ned punkt. Det blir og formidla at ein set inn tiltak når ein veit noko, men bruker gjerne 14 dagar på å få oversikt over situasjonen og undersøkje. Barnehagen skriv at dei har eit skjema dei nyttar når ein får mistanke om at eit barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen. Skjema er lagt ved i dokumentasjonen. Strakstiltak blir ofte sett inn i samarbeid med føresette. Det vert oppretta aktivitetsplan om ikkje førebelse tiltak viser teikn til betring/løysing av situasjonen. Barnehagen har gjeve kommentarar til den førebelse rapporten og levert inn ytterlegare dokumentasjon som tydeleggjer prosessane og den praksis som skal gå føre seg i barnehagen.

#### *Vurdering*

Formålet med å setje inn tiltak etter § 42 i Lov om barnehager er å sikre at eit barn som ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø får det. Plikta til å setje inn tiltak gjeld både om barn eller foreldre seier at barnet ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, eller barnehagen sine egne undersøkingar viser dette. Så langt det finst eigna tiltak, skal barnehagen setje inn tiltak.



Dokumentasjonen som er tilsendt oss, viser at barnehagen har rutine som skal sikre at aktivitetsplikta blir ivarettatt. I rutinen «Mobbing og annen krenkende atferd mot barn» står det at ein set inn eigna tiltak der undersøking viser at barnet ikkje har det trygt og godt. Barnehagen skriv at dei set inn «strakstiltak». I innsendt dokumentasjon og etter stadleg tilsyn var det noko uklårt i kva grad barnehagen systematisk venta med å setje inn tiltak i ein aktivitetsplan i ein periode på ca 14 dagar. Det vert sett inn tiltak på eit tidlegare tidspunkt, men dette er «strakstiltak» ikkje nedfelt i ein aktivitetsplan. I kommentar til førebels tilsynsrapport og i medfølgjande dokumentasjon kjem det fram at dette var eit konkret døme i ei sak der ein ikkje hadde konkludert med om eit barn har det trygt og godt.

Plikta til å setje inn tiltak betyr ikkje at ein skil mellom førebelse strakstiltak, og tiltak som kjem til på eit seinare tidspunkt. Set ein inn tiltak er ein i gang med tiltak. Barnehagen har ei plikt til å gripe inn og stoppe krenkingar med ein gong dei skjer. Det kan vere naudsynt å setje inn førebelse tiltak med ein gang, supplert eller erstatta med ytterlegare tiltak etter at ein har fått undersøkt ei sak. Tiltaka skal ned i ein skriftleg plan.

Barnehagen har ved innsending av ytterlegare dokumentasjon og kommentar til den førebelse rapporten skildra eit større samsvar mellom rutinane og skildring av praksis enn det som kom fram i tidlegare dokumentasjon og stadleg tilsyn. Viss eit barn ikkje har det trygt og godt skal ein undersøkje saka, setje inn tiltak og lage ein plan for å syte for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø.

Om eit barn ikkje har det trygt og godt, skal det så lang det finst eigna tiltak, setjast inn tiltak. Barnehagemynde vurderer at det no i tilstrekkeleg grad er dokumentert og sannsynleggjort at det blir sett inn tiltak i samsvar med lovkrava, og endrar av den grunn konklusjonen.

### *Konklusjon*

Barnehagen set inn tiltak når eit barn eller foreldre seier at barnehagemiljøet ikkje er trygt og godt, eller undersøkingar viser dette, jf. Lov om barnehagar § 42, 4. ledd

## **Vel barnehagen tiltaka basert på ei konkret og fagleg vurdering?**

### *Observasjonar*

Barnehagen har i eigenvurdering svart «ja» på dette spørsmålet. Barnehagen viser til at tiltak blir drøfta mellom pedagog og dagleg leiar, og at ein og drøftar saker med PPT i ressursteam. I innsendt dokumentasjon kjem det fram i rutine for «Mobbing og annen krenkende atferd mot barn» at tiltaka ein set inn skal vere basert på konkrete og faglege vurderingar. I «Mal for aktivitetsplikta barnehage» står det at tiltaka skal vere fagleg forankra. I kommentar til førebels rapport er det ettersendt flytskjema for dei ulike prosessane barnehagen gjennomfører i forbindelse med handtering av aktivitetsplikta.

### *Vurdering*

Barnehagemynde ser at det kjem fram i barnehagen sine rutinar og mal for tiltak, at tiltaka skal baserast på ei konkret fagleg vurdering. Barnehagen skildrar både i stadleg tilsyn og i innsendt dokumentasjon, at dei har faglege prosessar knytt til val av tiltak i



ped.leiargruppe og i ressursteam. Dei har utdanna personale som vurderer tiltak ut frå den einskilde situasjonen. Det er ikkje dokumentert noko frå desse prosessane, og kva som ligg til grunn for val av tiltak. Det er viktig at barnehagen kan dokumentere og sannsynleggjere i tilstrekkeleg grad at barnehagen baserer dei tiltaka dei set inn på ei konkret og fagleg vurdering. Barnehagen må gjere ein analyse etter undersøking av om eit barn har det trygt og godt, og ut frå denne analysen gjere ei konkret og fagleg vurdering av eigna tiltak. Samla sett vurderer barnehagemynde at det no i tilstrekkeleg grad er sannsynleggjort at tiltak vil bli basert på ei konkret og fagleg vurdering, og endrar av den grunn konklusjonen. Ein legg til grunn for denne vurderinga at barnehagen sine rutinar og praksis samsvarer, og at dette kan dokumenterast i påfølgjande saker.

### *Konklusjon*

Barnehagen vel tiltak basert på ei konkret og fagleg vurdering, jf. Lov om barnehagar § 42, 4. ledd

## **Vurderer barnehagen konkret kva tiltak som er eigna?**

### *Observasjonar*

I mal for aktivitetsplan står det at barnehagen skal setje inn tiltak som dei meiner er eigna og tilstrekkelege for at eit barn får eit trygt og godt barnehagemiljø. Barnehagen har skildra i stadleg tilsyn at ein i hovudsak vurderer om tiltaka er tilstrekkelege eller eigna i evalueringa. Barnehagen har skildra at dei har samarbeidsmøte mellom ped.leiarane, og saman med dagleg leiar. Det er og drøftingar i barnehagen sitt ressursteam der PPT er med. Barnehagen og PPT har møte kvar veke.

### *Vurdering*

Det er dokumentert i mal for aktivitetsplan at tiltak som blir sett inn skal vere eigna og tilstrekkelege. Det kjem fram i innsendt dokumentasjon og i stadlege tilsyn at det blir drøfta kva tiltak som skal setjast inn i den einskilde sak mellom tilsette i barnehagen og med PPT i ressursteam. Det er barnehagen som vurderer kva tiltak som skal setjast inn, også om føresette ikkje er samde i tiltaka.

Det er ikkje lagt fram konkrete døme på at det er gjort vurderingar før tiltak er sett inn, sjølv om det er skildra at tiltak er blitt sett inn der barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Barnehagen skal alltid vurdere, ut frå det som er kome fram i undersøkinga, kva konkrete tiltak som er eigna i ei sak. Barnehagen har ettersendt dokumentasjon saman med kommentar til den førebelse rapporten, som no i tilstrekkeleg grad sannsynleggjer at det vil blir gjort konkrete vurderingar av kva tiltak som er eigna i samsvar med krava i lova. Etter ei samla vurdering endrar vi vår konklusjon til at barnehagen konkret vurderer kva tiltak som er eigna. Ein legg og her til grunn for denne vurderinga at barnehagen sine rutinar og praksis samsvarer, og at dette kan dokumenterast i påfølgjande saker.

### *Konklusjon*

Barnehagen vurderer konkret kva tiltak som er eigna, jf. Lov om barnehagar § 42, 4. ledd



## **Evaluerer barnehagen tiltaka, og vert tiltaka endra ved behov?**

### *Observasjonar*

I barnehagen sin mal for aktivitetsplan er det presisert at om det er behov for å endre eller setje inn nye tiltak skal planen oppdaterast. Det står at ein skal kontinuerleg passe på at det er eigna og tilstrekkelege tiltak som er sett inn. I planen er det og eit punkt om evaluering av tiltak der det skal kome fram kva tiltak som vert evaluert, og kva tiltak som skal vidareførast eller avsluttast. Barnehagen har i forbindelse med kommentar til førebels rapport dokumentert i justert rutine for «Mobbing og annen krenkende atferd mot barn» at tiltak skal evaluerast og at tiltak vert endra ved behov.

### *Vurdering*

Evaluering av tiltaka skal vere basert på dei konkrete tiltaka som er nedfelt i ein aktivitetsplan. Tiltaka skal vere konkrete og bidra til at barnet igjen får eit trygt og godt barnehagemiljø. I ei evaluering blir det vurdert kva for tiltak som skal opphøre, kva tiltak som skal halde fram og kva tiltak som eventuelt skal bli ~~føyd~~ lagt til. Det kan vere at barnet har fått det trygt og godt, og at ingen av tiltaka skal halde fram. I barnehagen sin mal for aktivitetsplan står det at planen skal oppdaterast om det er behov for å endre eller setje inn nye tiltak.

Barnehagen har utarbeida eit flytskjema, «Aktivitetsplikt i barnehagen – oversikt og flytskjema» som saman med rutinen viser at evaluering skal skje og tiltak skal endrast ved behov for å sikre at barnehagen varetar aktivitetsplikta fram til barnet igjen opplever å ha eit trygt og godt barnehagemiljø. Det er ikkje lagt fram konkret dokumentasjon på evaluering av tiltak eller eventuelle vurderingar som er gjort for å endre på tiltak, men det er no sannsynleggjort eit system der barnehagen evaluerer tiltak og endrar tiltaka ved behov. Barnehagemyndene endrar av den grunn konklusjonen.

### *Konklusjon*

Barnehagen har i tilstrekkeleg grad dokumentert system for å evaluere tiltak, og at tiltaka vert endra ved behov, jf. Lov om barnehagar § 42, 4. og 5. ledd

## **3 Barnehagen si plikt til å lage ein skriftleg plan**

### **3.1 Rettslege krav**

Viss barnehagen får vite at eit barn ikkje har det bra i barnehagen, må dei lage ein skriftleg plan for å sikre at barnet får ein trygg barnehagekvardag. I planen skal det stå:

- a. kva problem tiltaka skal løyse
- b. kva tiltak barnehagen har planlagt
- c. når tiltaka skal gjennomførast
- d. kven som skal gjennomføre tiltaka
- e. når tiltaka skal evaluerast.





Planen må vere skriftleg og innehalde dei nemnde punkta. Ut over det må barnehagen sjølv vurdere kva som er føremålstenleg. Det er ikkje krav til korleis denne planen skal vere sett bort frå at den må vere skriftleg og innehalde dei 5 punkta ovanfor. Ein skriftleg plan er ein viktig reiskap for å dokumentere korleis barnehagen tar tak i ei sak.

## **3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar**

### **Lagar barnehagen ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ei sak?**

#### *Observasjonar*

I barnehagen si rutineskildring «Mobbing og annen krenkende atferd mot barn» framkjem det at barnehagen skal utarbeide ein plan. Det står i rutinen at det er utarbeida ein mal for aktivitetsplan som vert brukt når eit barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen. Dokumentasjon av mal er sendt inn. I rutinen står det at aktivitetsplanen vert nytta for å dokumentere oppfølging av barnet. I stadleg tilsyn vert det opplyst at ein har forståing av lovkravet om at dersom ein har konkludert med at barnet ikkje har det trygt og godt (i barnehagen) skal det lagast ein skriftleg plan. Barnehagen viser vidare til at det kan vere tidkrevjande å lage ein plan, og tiltaka er gjerne kome i gang før. Dei stiller spørsmål om det vil svare seg å lage ein plan dersom tiltaka løyser situasjonen innan t.d. ei veke. Dei spør seg kvar grensa går og at ein må arbeide med å bevisstgjere skilnaden på førebyggjande tiltak, og tiltak retta mot konkrete mål. Barnehagen har i kommentar til førebels rapport sendt inn dokumentasjon på aktivitetsplan.

#### *Vurdering*

Barnehagen skal utarbeide ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. Det kjem fram i rutineskildringa at barnehagen har ei plikt til å utarbeide ein plan. Barnehagen har ein mal for (skriftleg) plan. Det vart i barnehagen si utgreiing vist til at det vert oppretta ein aktivitetsplan etter 14 dagar for å arbeide vidare med tiltak viss dei første strakstiltaka ikkje har ført fram. Barnehagen har i kommentar til den førebelse rapporten og påfølgjande dokumentasjon vist at dette ikkje er den praksis barnehagen legg opp til.

Barnehagen skal setje inn skriftlege tiltak i ei sak. Det var uklårt ut frå skildring av praksis og dokumentasjon om dette blir gjort i alle tilfelle, eller om det først blir utarbeida ein plan etter ei viss tid. Barnehagen har i innsendt dokumentasjon saman med kommentar til den førebelse rapporten sannsynleggjort større samsvar mellom skildra saksgang og praksis knytt til når ein skal lage ein skriftleg plan.

Det er no lagt fram dokumentasjon på bruk av aktivitetsplan.

Etter ei samla vurdering har vi konkludert med at det kjem tydeleg fram i rutinen at barnehagen har ei plikt til å utarbeide ein plan, og at det i tilstrekkeleg grad er dokumentert og sannsynleggjort at barnehagen no har ein praksis der det blir laga ein skriftleg plan når ein set inn tiltak i samsvar med lovkrava.

#### *Konklusjon*



Barnehagen lagar ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ei sak, jf. § 42, 5. ledd

### **Inneheldt den skriftlege planen minimumskrava til innhald?**

#### *Observasjonar*

Barnehagen har sendt inn dokumentasjon på skriftleg plan «Mal for plan om aktivitetsplikt barnehage»

#### *Vurdering*

Det er ikkje krav til korleis den skriftlege planen skal vere sett bort frå minimumskrava skildra i barnehagelova. Vi vurderer at barnehagen sin skriftlege plan inneheldt alle desse minimumskrava.

#### *Konklusjon*

Den skriftlege planen inneheldt minimumskrava til innhald, jf. § 42, 5. ledd

## **4 Våre reaksjonar**

Vi har funne at de etterlever regelverket på alle område. Vi avsluttar av den grunn tilsynet.

## **5 De kan gje tilbakemelding på rapporten**

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til Alver kommune. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Statsforvaltaren i Vestland som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Statsforvaltaren, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.